



**DET NORSKE  
TEATRET**



*Bli medlem av:*

VENNER AV DET NORSKE TEATRET





Foto: London Express.

## STEPHEN POLIAKOFF

var fødd i 1952, og utdanna ved Westminster School. Han studerte historie ved Cambridge University, men slutta etter to år. Det første stykket hans, «Day With My Sister», skriva medan han framleis studerte, vart sett opp av David Halliwell (sjølv dramatikar) på Traverse Theatre i Edinburgh i 1971. Etter «Pretty Boy» (spela på The Royal Court i London i 1972), kom den første store suksessen hans med eit stykke om offiserstanden i første verdskrigen, «Clever Soldiers», spela på The Hampstead Theatre Club i 1974. I 1974 kom òg «The Carnation Gang» på Bush Theatre, der kom òg «Hitting Town» (1975) og «City Sugar» (1975), over same tema. «City Sugar» vart overført til West End, det vart presentert på Comedy Theatre i mars 1976 med Adam Faith i hovudrolla. Poliakoff vart utnemnd til husdiktar ved The National Theatre for 1976, og vann same året avisa Evening Standards pris som den mest lovande nye dramatikaren, for «City Sugar».





## «EG VIL FANGE PÅ PAPIRET DET SOM HENDER MED MIN GENERASJON»

Intervjuet nedanfor stod å lese i London Express den 18. august 1976. Intervjuar var Victor Davis.

Stephen Poliakoff, med sitt ville hår og svarte skjegg, ser ut som Rasputin som sjetteklassing.

Like før premieren på hans første produksjon i West End (som var «City Sugar»), tok produsenten, Michael White, han til sides og sa: «Du må klippe håret og freiste sjå ut som ein respektabel borgar. Gjer du ikkje det, skremmer du vekk spekulantene.»

Stykket gjekk ganske bra i tre månader, og han har late lokkane vekse att. I framtida vil ikkje spekulantane oppnå noko hår-kompromiss frå han.

Det finst knapt ein einaste teaterkritikar i Storbritannia som ikkje har spådd Stephen Poliakoff ei stor framtid, med eller utan hår.

Jamvel om han skulle bli overkøyrd av ein buss på Shaftesbury Avenue i morgon, ville han likevel få si fotnote i teaterhistoria. 23 år gammal er Stephen den første husdiktar i National Theatres nye heim på South Bank, sørsida av Themsen, i London.

Om han er husdiktar tyder ikkje det at han bur der. Handeler husvære i Shepherd's Bush med tre andre unge menneske, som alle blir galne når han skriv — han arbeider alltid akkompagnert av den same plata spela om att og om att.

Det siste stykket hans, det **åttande** som blir sett opp profesjonelt (litt av ein rekord når det gjeld bråmogen skaparkraft), hadde si premiere på Young Vic i august 1976.

Det heiter «Strawberry Fields» i ein medviten freistnad på å mane fram Beatles-perioden, og vart skrivde til tonane frå «Beach Boy's Greatest Hits».

Før dette var «City Sugar» det einaste stykket som hadde blitt spela i West End, med Adam Faith i hovudrolla som ein blasert disc-jockey — det vart skrivde med Bob Dylan på platespelaren.

Stephen er fascinert av popverda med si utnytting av dei unge, med si kyniske marknadsføring av grupper. Han er opptatt av korleis tenåringsmedvitet blir manipulert med i dei øydslege konkrete syttiåra.

Han nytta òg den same sentralfiguren, disc-jockeyen — kalla Leonard Brazil — i eit TV-stykke som heiter «Hitting Town». Det er historia om eit blodskamsforhold mellom ein bror og ei søster, og var tenkt å skulle setje støkk i kritikarane, men makta visst berre å forvirra dei.

Begge stykka om Brazil utspelar seg i Leicester, ein by som for Stephen symboliserer mykje av våre visne, øydelagde bylandskap.

«Leicester er på eit merkeleg vis knugande. Byen er totalt død. Der er ein aggressiv mangel på tenking om korleis folk ønsker å leve.»

Avvisinga av Leicester forårsaka eit rasande brev i The Times frå ein lokal teatersjef som klaga over Stephens arroganse.

«Å skrive eit skodespel er ein arrogant ting,» vedgår han. «Eg seier til folk: 'De skal betale meg pengar, sjå dette, freiste å like det — og ikkje gå ut midt i.'»

Heile det skredet av idéar, talar, hendingar han har fylt stykka sine med sidan han var 16, har ikkje gjort han rik hittil, men det har heller ikkje vore noko problem.

Lønna hans som husdiktar er £1.500 i året, og blir betalt av Thames Television. Med det han tente på stykka sine, kom han opp i ei inntekt på £3.500 i fjor.

Han vedkjenner seg tørt motsetnadene i sin eigen situasjon: på den eine sida er han ein teater-revolusjonær som kjempar mot dei åndelege sjukdomssymptoma som han meiner er etterverknader etter dei glade, livlege sekstiåra, på den andre sida er han rekruttert av det etablerte teatret og er no den unge løva i den arketypiske betonghaugen som heiter The National Theatre.

Heller ikkje er han den magre og svoltne kritikaren som har kjempa seg fram frå proletarflokken.

Stephen Poliakoff høyrer avgjort heime i den høgare middelklasse. Han er fødd i eit storslagent hus i Londons Holland Park, der foreldra hans framleis bur.

Dei er jødar frå Moskva som flykta frå Stalins terrorregime i tjuetjue-åra. Dei smugla med seg ein einaste diamannt innestøpt i eit talglys. I dag er Stephens far sjef for eit selskap som produserer fløytene som lagar desse pipande tonane som tilkallar leger når det har skjedd ei ulykke.

Stephen seier han gjekk på ein forferdeleg engelsk skole som gjorde han livredd alt som smakar av autoritet.

Han byrja studere historie i Cambridge, samstundes byrja stykka hans å bli spela på undergrunnsteatra. På universitetet hadde han venta å møte spennande etterdønningar frå sekstiåra og vart sjokkert da han fann at heile vona om ein vakrare morgondag hadde løyst seg opp i luft.




«Det herska ei ånd av nederlag og hjelpeløyse. Det fanst svært få opprørske studentar att, jamvel om sensasjonspressa hevda noko anna.

Det fanst ingen visjon av eit betre samfunn, ikkje noko fantastisk hardt arbeid. Det fanst berre ei verd av utruleg grå graut. Å kome til Cambridge var som å vandre rett inn i narkose.


Dei som kjem dit no, dei som ein dag skal overta samfunnet, er ein flokk nullar. Dei er beint fram ikkje den typen menneske som utstrålar nok skapande energi.»

Poliakoff har lagt mykje av otten for dagens unge menneske — deira passive godtaking av eit dautt og statisk samfunn, deira vonløyse — i stykka sine. I «Strawberry Fields», det siste, er hovudpersonen ein aldrande hippie, ein leivning frå sekstiåra som har byrja tilpasse seg.

«Det eg er opptatt av er å fange på papiret det som hender med min generasjon etter sekstiåra. Det er det store spørsmålet for meg.»







**Stephen Poliakoff**

**CITY SUGAR**



**Leonard Brazil**

**Rex**

**Nicola Davies**

**Susan**

**Big John**

**Jane**

**Mick**

**Røysta til Ross**

**Røysta til Jim**

**Andre røyster**

**ØIVIND BLUNCK**

**SVEIN TINDBERG**

**EVA SOLBAKKEN**

**BRITT LANGLIE**

**SVERRE WILBERG**

**TRINI LUND**

**BJØRN SUNDQUIST**

**DAG SANDVIK**

**ODD FURØY**

**TROND BRÆNNE,  
ELISABETH SAND,  
VIDAR WOLD**

**Omsett av**

**Regi:**

**Scenografi:**

**Lyd:**

**Rekvisittmakar:**

**Parykkmakar:**

**Inspisient:**

**Rekvisitør:**

**Sufflør: UNNI FRIBU/ASTRID HELLESEN**

**Signaturmusikk av EGIL MONN-IVERSEN, spela inn  
av Det Norske Teatrets orkester.**

**SVEIN SELVIG**

**HARALD HOAS**

**DAG FROGNER**

**MENY BLOCH**

**EGIL AARUM**

**DORO WALSTAD**

**EGIL ROLLAND**

**STEIN HAMRE**

**Ein pause**

**Premiere 17. mars 1977**

---

Teaterforlag: Feigenberg Dramatisk Agentur

Programredaksjon: Halldis Hoas

Foto: Sturlason

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo

## Knut Bjørnskau OPPRØRET SOM BLE BORTE

Denne artikkelen var ein del av Aftenpostens dekning av det store evenementet på popfronten her heime i vinter: verdspremieren på ABBA's nye show i Ekeberghallen. Vi synest dei refleksjonane Bjørnskau her gir uttrykk for, grip rett inn i sentrale tema i «City Sugar»:

Leonard Brazil er sjølv ein leivning frå sekstiåra, med ein por-sjon nostalgisk kjærleik til låtene fra den tida, til Beatles, Rolling Stones, Dylan og Donovan, til «Swinging London» og Carnaby Street. Dagens popmusikk har han lite til overs for, samstundes er nett han – som disc-jockey – ein viktig reiskap for dagens popindustri, ein av dei som påverkar ungdomen til å kjøpe «det uniformert tannløse».

De fleste synes å være enige om én ting: ABBA's musikalske prestasjoner står ikke i noe rimelig forhold til deres popularitet. La gå at de lager og fremfører fengende slagermusikk, men at de fire pene, vellykkede svenskene skulle komme til å bli 70-årenes mest omtalte gruppe i popbransjen, det ville ingen gjette for fem år siden.

Men det er de altså blitt, og man spør seg, etter å ha opplevet dem på nært hold i Ekeberghallen: Hva har de som fullstendig tar luven fra konkurrenter i USA og England, Norge og Australia?

Det mest nærliggende må være å gå ut fra at ABBA er en form for reaksjon på den utvikling pop-musikken etterhvert undergikk. Fra ungdomsopprørets spede begynnelse i begynnelsen av 60-årene, dengang Beatles sang «She loves you», via harmdirrende protestviser i Vietnamkrigens kjølvann og en stadig tiltagende flukt inn i psykedelisk uvirkelighet, for manges vedkommende med god hjelp av narkotiske stoffer, ble pop'en litt etter litt noe som fjernet seg fra folks hverdag, både musikalsk og tekstlig. Det er ikke til å komme fra at folk flest alltid har ønsket seg lettfatelige melodier, og det er forståelig at mange etterhvert meldte pass da tidens guder sluttet å gjenspeile verden omkring seg til fordel for sine egne navler. Det er en grense for hvor mange av Joni Mitchells nervesammenbrudd utenforstående har tålmodighet til å bli fortalt om fra scene og plater, det er grenser for hvor meget en vanlig publikummer forstår av Bob Dylans mest symbolske tekster. Like sikkert er det at John Lennons privatliv mistet mye av det almen-gyldige og tidsrepresentative etterhvert som detaljer omkring forholdet til Yoko Ono kom frem i massemediene og på film – alt ble til slutt kort og godt en god bit for eksklusivt for de fleste.

Ingen hasjdommer spøker i bakgrunnen når de fire svenske stjernenes navn blir nevnt. De er likeledes pyntelig gift med hverandre, og bedriver så vidt man vet ingen form for seksuelle eller filosofiske eksentrisiteter i privatlivet. Det de synger om er enkelt og ufarlig. Dette gjør dem akseptable for gammel og ung, og eftersom 60-årenes ungdomsopprør nå begynner å bli historie, synes det ikke lenger å være noe markant behov i den oppvoksende generasjon for å



Mick Jagger og Keith Richard i Rolling Stones, fotografert under ein konsert i Scandinavium, Gøteborg, 6. oktober 1973.

(Foto: Knut Snare, VG)



Vår tids supergruppe, ABBA, fotografert under konserten i Ekeberghallen.

(Foto: A-foto)

fylke seg omkring opprørere. Aller mest glad for det er kanskje pop-bransjens forretningsdrivende, og sandelig må ABBA være svaret på denne gigantindustriens drømmer om én verden, forenet i det uniformert tannløse, iørefallende og vellykkede som ABBA er en så glimrende representant for.

Mer enn noe annet er det speilbilde av den tid populærmusikkens ord og toner står for, og slik sett er fenomenet ABBA bare en bekreftelse på at 70-årene, som nå går mot slutten, har vært begivenhetsløse sammenlignet med det forrige ti-år. Da amerikansk ungdom vendte tilbake til universitetene og begynte å konsentrere seg om pensum istedenfor demonstrasjonstog, forsvant også mye av grobunnen for den protestkultur som i en rotløs epoke kom til å forandre en hel generasjon. Men populærmusikken skal aldri dø, og akkurat nå har vi ABBA.

(Aftenpostens aftennummer,  
29. januar 1977)



«Vi er dei nye jokerane i stokken, vi er dei nye klovnane, vi seier korleis alt skal vera. Og vi skal bli kvitt alle tunge tankar. Kvar veke freistar eg å bli kvitt tunge tankar...»

LEONARD

«Da visste eg at han kom til å drepa meg, ja, på motorvegen, i mørket, ein stad der ingen kunne sjå det, du veit få meg på ryggen og presse ein lepestift ned i halsen på meg, og eg ville høyre Leonard Brazil på radioen, og plutseleg ville det stoppe, og eg ville vera død og dei ville finne meg i småbitar... i ein haug, i søla, blitt overfalt, fluger i augo mine, alt det der. Og bilete av meg på skjermen, når dei lyfte meg opp og la eit laken kring meg, du veit. Men ingenting skjedde. Ikkje noko som helst. Eg ville det skulle skjedd.»

SUSAN

«Eg likar lyden av mi eiga røyst, ja. Og eg vil gjerne ha sagt til millionskaren av lydarar, vi går som i ein rus her oppe, folkens, det får meg til å sveve, verkeleg sveve. Det er sånn vi likar det, ikkje sant, folkens? Ta det med ro de der, Len og Rex er her.»

REX

«Og så var det slutt... ikkje sant, konserten, og eg kom meg ut. Det var kaldt, eg kjende meg litt merkeleg. Berre traska rundt der ute og trudde at eg kanskje blødde. Eg såg etter, men det gjorde eg ikkje. Mange som likar det etter ein konsert... men eg gjorde ikkje det.»



NICOLA

«Veit du, Nicola, at om nokon for ti år sidan, ja jamvel for fem år sidan... den gongen alt var annleis, hadde sagt at eg ville gjera denne jobben, spela denne åndssvake mjølkepapp-driten ustanseleg til ungar som deg, da ville eg ikkje trudd det var fjernaste sjanse for det. Absolutt ikkje, det er ikkje nett det eg drømde om, ikkje eingong i mine gråaste stunder. Det er heilt merkverdig at ting har resultert i deg! Skjønar du det?»


...

Du er den einaste lukrative kroken av marknaden som er att, som aldri kan slå feil, veit du det... Det einaste du har å gjera, er å slutte, nekte å svelgje det lenger. Spytt det ut. Det meiner eg. Sei, skjønar du... eit ord av kva eg seier?»

LEONARD







På Hovudscenen

Olav Duun:  
MEDMENNESKE

Dramatisert av Knut Hergel og Olav Duun. Regi: Pål Skjønberg, scenografi: Snorre Tindberg.

Med TORGEIR FONNLID, RAGNHILD HILT, INGOLF ROGDE, TORDIS MAURSTAD, ASTRID SOMMER, WENCHE MEDBØE, KÅRE WICKLUND, JULIE ØKSNES, ODD JAN SANDSDALEN, KAARE KROPPAN, FRIMANN FALCK CLAUSEN.

Ludvig Holberg/Tormod Skagestad:  
JEPPE

Musikk av Egil Monn-Iversen. Regi: Svein Erik Brodal og Henny Mürer, koreografi: Henny Mürer, scenografi: Gunnar Alme, musikalsk leiing: Egil Monn-Iversen.

Med ROLV WESENLUND, SØLVI WANG, ROLF JUST NILSEN, SVERRE WILBERG, MAGNE LINDHOLM, ØIVIND BLUNCK, ROLF SAND, DAG SANDVIK, LEIF R. BJØRNESETH, JON BERLE, MAGNUS TVEIT, KJERSTI ALVEBERG, ANDREAS KOLSTAD, TOVE EDWARDS, NINA HARTE, ELIN OSJORD, BIRGITTA REVOLD, SVENN BERGLUND, RUNAR BORGE, PER ARNE SKAR.

For barna

Tor Age Bringsværd:  
DEN STORE FARGESLUKAREN

Musikk av Trygve Madsen. Til nynorsk ved Leif Mæhle. Regi og koreografi: Runar Borge, scenografi: Thore Hansen, musikalsk leiing: Tor Hultin/Kari Stokke.

Med SVEIN TINDBERG, TRINI LUND, JOHAN KJELSBERG, SVENN BERGLUND, LEIF R. BJØRNESETH, TOVE EDWARDS, NINA HARTE, ELIN OSJORD, BIRGITTA REVOLD, PER ARNE SKAR, ARNE BRÆKKE, STEIN KIRAN, PER MARGELL.

På Scene 2

JACQUES BREL ER HER I KVELD  
OG BUR BRA I PARIS

Samansett av Eric Blau og Mort Shuman, norsk tilrettelegging Bjørn Endreson. Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson, musikalsk leiing: Tor Hultin.

Med LASSE KOLSTAD, ANN MARIE NØDDELUND, TONE RINGEN, LARS KLEVSTRAND.

Mark Medoff:  
NÅR KJEM DU ATT, RED RYDER?

Omsett av Paal-Helge Haugen. Regi: Jon Heggedal, scenografi: Einar Dahl.

Med MARIT KOLBRÆK, ARE STORSTEIN, BJØRN FLOBERG, ERIK ØKSNES, TONE RINGEN, ALF MALLAND, ASBJØRN TOMS, UNN VIBEKE HOL.

Gunvor Øvre: MARTA


Regi: Arna Hammersmark, scenografi: Kjersti Fjeldstad. Med INGRID ØVRE WIJK, WILFRED BREISTRAND, KARIN HELENE HAUGEN, TRINI LUND, BJØRN SUNDQUIST.

Harold Pinter:  
INGENMANNSLAND

Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson. Med BJARNE ANDERSEN, GISLE STRAUME, TOM TELLEFSEN, SVEIN ERIK BRODAL.



City Sugar : Stephen Poli



20g134570



Bohren - 68